



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Laila Pedersen Kaland, 55 57 23 73
Asne Hagen, 55 57 22 28

Vår dato
27.06.2017
Dykkar dato
02.06.2017

Vår referanse
2016/6829 421.3
Dykkar referanse
15/3983

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - offentlig ettersyn - samfunnsdelen av kommuneplanen - fråsegn

Me viser til oversending frå kommunen med frist til 07.08.2017 for å koma med uttale.

Generelt

Samfunnsdelen til kommuneplanen skal vera eit handlingsretta dokument som skal peika ut prioriterte satsingsområde, samt gi retningslinjer for korleis kommunen sine mål og strategiar skal gjennomførast i den kommunale verksemda, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 11-2.

Kommunal planlegging skal fremma heilskapen i samfunnet, jf. pbl § 3-1. Det gjer at den kommunale planlegginga må ta omsyn til og ivareta både nasjonale, regionale og kommunale mål, interesser og oppgåver. I pbl § 3-1 bokstavane a-h er det lista opp ei rekke omsyn som skal ivaretakast i den kommunale planlegginga. Det gjeld m.a. folkehelse, barn og unge, berekraft, klimaendring, samfunnstryggleik, gode bustadområde og næringsutvikling. Dei hovudtema som kommunen har valt ut svarer i så måte godt til lova sine forventningar. Forslaget til samfunnsdelen er elles oversiktleg og strukturert og forslag til samfunnsdel vert sett i samheng med arealdelen av kommuneplanen. Kommunen verkar vidare å ha god oversikt over utfordringane i kommunen gjennom dokumenta «*Helsetilstand og påverknadsfaktorar*» og gjennom det utfordringsnotatet som er utarbeidd som ledd i arbeidet med samfunnsdelen.

Fylkesmannen vil her særskilt koma med merknader til desse områda:

Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen skal i følgje forskrift om kommunal beredskapsplikt § 1 jobba systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleiksarbeidet på tvers av sektorar i kommunen. Målet er å redusera risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar. Måla bør integrerast i styrande dokument så vel som i den daglege kommunale verksemda for alle ansvarsområda til kommunen, jf. sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

Fylkesmannen er positiv til at kommunen tenker å starta opp arbeid med å laga ein kommunedelplan for samfunnstryggleik og beredskap i 2018. Den heilskaplege ROS-analysen til Lindås er frå 2012. Me legg til grunn at denne vil bli gjennomgått på nytt i samband med utarbeiding av kommunedelplanen. Det bør vidare vera kopling mellom relevante punkt i gjeldande ROS og samfunnsdelen. Avvik funne ved tilsyn av beredskapsarbeidet i kommunen bør adresserast i samfunnsdelen der det er relevant.

Kommunen har sett opp to mål for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, og fem strategiar for å nå desse måla. Me saknar retningslinjer for korleis strategiane skal gjennomførast i dei enkelte sektorar i kommunen. Ved å setja meir konkrete og forpliktande strategiar og knyta desse til bestemte delar av den kommunale verksemda vert det lettare å vurdere i ettertid om ein har nådd måla som er sette. Då vil også mål/strategiar verka meir forpliktande, ved at det er avgjort kven som skal gjera kva og når det skal gjerast. Som eit døme vil trafikktryggleik kunne vera eit forhold som kan handterast av samferdsel gjennom t.d. trafikktryggingssplan.

Arbeid og integrering

Kommunen peikar på at det trengst meir kompetent personell i barnehage, SFO og heimesjukepleie, og ønskjer samtidig auka innvandring. Vidare har kommunen peikt på behovet for integrering og sysselsetting når kommunen skal busetta fleire flyktningar enn før. Det går òg fram at arbeidsløysa er stigande i ein kommune med ein høg del oljerelaterte arbeidsplassar. Det kan vera grunn til å sjå desse forholda i samanheng og vise kva strategiske tiltak kommunen gjer for å rekruttera personar med flyktning- og innvandrarbakgrunn til skule- og etterutdanningsløp som er relevante for tenestene i kommunen, til dømes gjennom tilskotsordningar under Kompetanseløft 2020.

Landbruk

Målet i den nasjonale jordvernstrategien er at årleg omdisponering av dyrka jord skal vera under 4000 dekar for heile landet samla. Ei langsiktig grense mot utbygging er eit godt verkemiddel for å sikra føreseielege tilhøve for landbruksnæringa. Det er først og fremst tema i arealdelen, men kan i samfunnsdelen ligga som ein føresetnad for arbeidet med arealdelen.

Me rår til at kommunen oppdaterer registreringa av kjerneområde landbruk og kulturlandskap om det er lenge sidan det vart gjort ein slik gjennomgang, for å få betre grunnlag for vidare planlegging.

Me viser vidare til nasjonale forventningar til kommunal planlegging der det går fram at kommunane skal sikra viktige jordbruksområde og leggja til rette for nye og grøne næringar i tilknytning til jordbruk og skogbruk.

Attraktive nærmiljø

Kommunane har eit ansvar for å leggja til rette for integrering av innbyggjarar med ulike føresetnader. Det gjeld flyktningar, personar med nedsett funksjonsevne eller andre som på ulike måtar kan ha vanskar på bustadmarknaden. Integrering bør skje både sosialt ved å skapa møteplassar og fysisk ved å leggje til rette for ulike typar bustad i kommunen slik forslag til samfunnsdel er innom på s. 20. Gode grønstrukturar er og eit vesentleg punkt i denne samanhengen. Lindås er ferdig med kartlegginga si av friluftsområde og har gjort eit godt arbeid her. Me kan ikkje sjå at denne kartlegging er omtala i forslaget til samfunnsdel. Slik me ser det har ein med denne kartlegging eit godt grunnlag for vidare arealplanlegginga og sikringa av snarveggar, areal for rekreasjon og friluftsliv m.m.

Klima og energi

I dei nasjonale forventningane vert det særleg peika på at ein må ha effektiv arealbruk og samordning av arealbruken og transportsystemet for å få ned klimagassutsleppa. I storbyområda skal transportveksten tas med kollektivtransport, sykkel og gange. I tillegg vert det peika på at ein må leggje vekt på energiomlegging og -effektivisering ved planlegging og

lokalisering av utbyggingsområde. Kommunen har merksemd på desse forholda i samfunnsdelen. Ein har sett det som føresetnader for arbeidet med arealdelen og reguleringsplanlegginga. Det er såleis positivt at kommunen vil styrka region- og nærsentra for å minska transportbehovet og at ein samstundes skal styrka arbeidet med å auka sykkel-, gange- og kollektivtrafikk. Ei slik utvikling vil på ein god måte ivareta omsynet til samordna bustad, areal og transportplanlegging. Det føreset likevel at ein ikkje samstundes opnar for stor grad av spreidd utbygging i område med dårleg kollektivdekning, jf. utfordringar med privatbilisme som kommunen sjølv peikar på.

Barn og unge

I følgje pbl § 1-1 femte ledd og pbl § 3-1 bokstav e skal omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår ivaretakast i planlegginga. Det følgjer også av rikspolitisk retningslinje for barn og unge og rundskriv T-2/08 at kommunen skal vurdere konsekvensar for barn og unge i all si planbehandling.

Kommunen peikar på fleire utfordringar i skulen knytt til trivsel og læringsutbytte. Det er då naturleg å utfordra kommunen til å ta tak i desse utfordringane og visa kva strategiar ein har for betring av trivsel i skulen og kva ein tenker er nødvendig for å få betre læringsutbytte for elevane. Ofte vil ein også kunne sjå ein samanheng mellom trivsel og skuleresultat.

Medverknad

I plan- og bygningslova er det lagt stor vekt på at kommunane skal leggja til rette for medverknad i kommuneplanlegginga, også for grupper som krev spesiell tilrettelegging som barn og unge.

Medverknad og engasjement i denne planprosessen har vore omfattande med fleire tusen høyringsinnspel som er samanfatta i ni rapportar. Kommunen har såleis lukkast godt med opplegget sitt for medverknad og med spissinga si av tema i planprogrammet.

Me ønskjer lykke til vidare med planprosessen !

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Arve Meidell
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen